

Influensavaksine til helsepersonell

Beskytt deg sjølv, pasientane og dine nærmeste



Influensa fører til alvorleg sjukdom og dødsfall i sårbare grupper. Høg vaksinasjonsdekning blant helsepersonell kan redusere influensasjukdom og utbrot i helseinstitusjonar. Dette er spesielt viktig for pasientar som ikkje sjølv kan få vaksine, og for pasientar som har redusert effekt av vaksinen på grunn av nedsett immunforsvar. Høg vaksinasjonsdekning mot influensa hos tilsette i helsesektoren er viktig for å oppretthalde ein tilfredsstillande beredskap under større utbrot av smittsame sjukdommar.

Viruset blir overført gjennom dråpe- luft- eller kontaktsmitte. Vaksne er vanlegvis smitteførande éin dag før symptomata utviklar seg og 3–5 dagar etter at dei er blitt sjuke. Helsepersonell har klart høgare risiko for å bli smitta av influensa samanlikna med vaksne som ikkje arbeider i helsesektoren. Blir du smitta, kan du spreie sjukdommen

til andre sjølv om du ikkje har tydelege symptom.

Alt helse- og omsorgspersonell med pasientkontakt er tilrådd å ta vaksine. Dette er spesielt viktig for personell som har kontakt med sårbare pasientgrupper innan område som eldreomsorg, nyføddmedisin, kreftbehandling, infeksjonsmedisin og intensivavdelingar. Arbeidsgivar skal tilby og dekke utgiftene ved vaksinasjon for alt smitteutsett personell. Ta kontakt med arbeidsgivar for informasjon om vaksinasjon på din arbeidsplass.

Viktig om influensavaksinen: Influensavirus endrar seg heile tida, og vaksinen må årleg tilpassast dei virustypane som sirkulerer. Effekten av vaksinen avtek også over tid og difor må ein ta vaksinen kvart år.

Influensavaksinen til vaksne kan ikkje gi influensasjukdom, fordi han berre inneholder bitar av influensavirus.

Influensavaksinen beskyttar ikkje mot koronavirus eller andre virus og bakteriar som også kan gi influensaliknande symptom.

Vaksine mot sesonginfluensa har vore brukt i mange år og gir svært sjeldan alvorlege biverknader. Vanlege biverknader er lokalreaksjon med raud hud, smerte og/eller hevingar på injeksjonsstaden. Enkelte kan få feber, muskelsmerter og generell sjukdomskjensle. Alvorlege allergiske reaksjonar er svært sjeldne.

Vaksinen bør takast i oktober til november, før influensasesongen startar. Du får beskyttelse etter 1–2 veker.



Les meir på
www.fhi.no/voksenvaksinasjon.